



Familiebilette frå Oslo maraton. Frå venstre står Johannes, Ingebjørg, Marit, Lars, Solbjørg og Geir (Foto privat)

Familien Haugland stilte med 6 deltakarar i Oslo maraton og alle fullførte halvmaraton som er 21 kilometer. Særleg imponerte Ingebjørg med tiandeplassen i si klasse på tida 1,39,01. Det var 147 som fullførte i denne klassa, 18-21 år. Broren Johannes gjekk i yngste klasse 14-15 år og kom inn som andremann på 1,49,22. i sin debut i maraton. Faren Lars, som går i klasse 45-49, fekk tida 1,48,51.

- Vi er godt fornøgde, seier Lars etter målpasinga men gjer unnatak for systrene sine Marit Elise Haugland og Solbjørg

Haugland som 'gjekk på ein smell', slik dei sjølve uttrykker det.

Geir Eikeland er derimot tilfreds med tida 1,43,47. Han går i klassa 40-44.

Marit Elise og Solbjørg gjekk begge i klasse 40-44 der 572 fullførte. Marit Elise kom inn som nummer 292 på 2.02 og Solbjørg som nummer 344 på 2,05

Det har vore problematisk å hente inn eksakte resultat og plasseringar for alle grunna datatull med listene.

Av Ola Matti Mathisen